

Evaluatingsrapport for PED121: Ulike vegar til læring

Haustsemesteret 2021

Emneansvarleg: Øyvind Wiik Halvorsen

Seminarleiarar: Kristine Ludvigsen, Juhar Yasin Abamosa, Katrine Sæthre Njøten, Njål Vidar Traavik, Øyvind Wiik Halvorsen

Gjennomføringa av emnet hausten 2021

PEDA121: Ulike vegar til læring er eit emne på fem studiepoeng for lektorstudentar i 3. semester på den integrerte lektorutdanninga. Undervisninga vert organisert i førelesingar og seminarundervisning i mindre grupper. Emnet består av fem førelesingar og fem seminar. Parallelt med PED121 tek studentane KOPRA102, som inkluderer seminar før og etter kortpraksisperioden.

Førelesingane i emnet har teke utgangspunkt i læringsutbytet. Tema har vore (1) vurderingsarbeid i skulen, (2) tilpassa opplæring, (3) akademisk skriving og forskingsintervju, (4) inkludering og (5) klasseleiing. Grunna restriksjonar som følgje av koronapandemien, har førelesingane vorte spelt inn og lagt ut digitalt for studentane. I tillegg hadde vi ei 45 minuttars samling digitalt 27.8., kor hovudlinjene i emnet vart introduserte, praktisk informasjon vart gitt og studentane fekk arbeide med nokre diskusjonsoppgåver knytt til tematikken vurdering. Ei ulempe med innspelte digitale førelesingar er at dei ikkje gir moglegheita for interaksjon og dialog med studentar, slik ei fysisk førelesing i sanntid gjer. Dette kan bidrage til at førelesingane kan verte erfarte som noko fjernare frå studentane sin situasjon samanlikna med andre undervisningsformer.

Seminarundervisninga har vore gjennomført fysisk, og har lagt vekt på studentaktive arbeidsformer og diskusjon med utgangspunkt i tematikkane i emnet. I det første seminaret vart studentane delt inn i grupper og desse fekk utdelte ulike caseforteljingar som dei arbeidde med. I det andre seminaret arbeidde studentane med faglitteratur etter *jigsaw*-metoden, og perspektiva frå litteraturen vart så brukte i det vidare arbeidet med caseforteljingane. Resultata frå desse gruppearbeida vart så presentert og diskutert i det tredje seminaret. Dei to siste seminara innebar høvesvis å vurdere to tidlegare semesteroppgåver (fjerde seminar), som ei øving i å gi summativ og formativ vurdering og gi tilbakemeldingar på utkasta til semesteroppgåve til to medstudentar (femte seminar). Frå

undervisarane sin ståstad, er erfaringane frå planlegging og gjennomføring av seminarundervisninga generelt positive.

Eksamensoppgåva på 3000 ord (+/- 10%), med sjølvvælt problemstilling knytt til læringsutbytet i emnet. Studentane leverte inn utkast som eit obligatorisk arbeidskrav og fekk individuell rettleiing frå seminaleiar. Rettleiinga har vore organisert anten som skriftlege kommentarar sendt på e-post til student eller ein kombinasjon av skriftlege kommentarar og individuell samtale med student.

Informasjon om undervisning og andre aktivitetar i emnet, er vorte kommunisert til studentane gjennom informasjonshefte, kunngjeringar på Mitt.uib. og på seminar. Vi som underviser på emnet har hatt digitale møter ved behov og kommunisert på e-post.

Eksamensresultat

Det var 160 studentar melde opp i emnet og 155 som tok eksamen. Karakterfordelinga for eksamen i emnet er synt i tabellen under (Tabell 1).

| Karakter | Kandidatar (totalt 155) |
|------------------|-------------------------|
| A | 6 |
| B | 56 |
| C | 66 |
| D | 22 |
| E | 4 |
| F (ikkje greidd) | 1 |

Tabell 1

Hovudtrekk i emneevalueringa

46 av 155 studentar har fullført alle spørsmål i emneevalueringa (sjå vedlegg 1).

Positive sider som studentevalueringa identifiserer er særleg aktivitetar i seminarundervisninga, som til dømes casearbeit i grupper, jigsaw-metoden, vurdering av tidlegare semesteroppgåver og i det heile diskusjon av pedagogikkfagelge problemstillingar med andre. Mine inntrykk som emneansvarleg og seminarleiar er også at dei studentaktive arbeidsformene i seminarundervisninga har vore givande for studentane og at møtet mellom seminarleiar og studentar og studentar i mellom har stor verdi for fagleg utvikling.

To utfordringar ved emnet som studentevalueringa identifiserer, er høvesvis plasseringa av seminara i semesteret og at arbeidsmengda vert opplevd som krevjande for eit emne på fem studiepoeng (sjå vedlegg 2 for oversyn over undervisninga). Den fyrste utfordringa gjeld at avstanden i tid mellom tredje førelesing/seminar (10.9.) og fjerde og femte førelesing/seminar (høvesvis 19.11. og 26.11.) er for stor. Ifølgje studentevalueringa vert det opplevd som at tematikkane og undervisninga i siste del av emnet kjem for seint til å gi utbyte og for tett opp til eksamen. Dette er spørsmål som angår rammene for undervisninga i emnet og heng saman med timeplanlegging i lektorutdanninga. Her kan ein diskutere fordelar og ulemper ved strukturen tilsvarende dagens eller ein konsentrasjon av undervisninga og eksamen i emnet til ein mindre del av semesteret. Dette er kanskje ei problemstilling som også gjeld andre emne og som vil vere aktuelt i redesignsprosessen som går føre seg ved UiB no.


Den andre utfordringa handlar om samsvar mellom arbeidsmengde og studiepoeng. Her vil eg leggje til at emnet, saman med dei andre pedagogikkemna på lektorutdanninga, er under revisjon. Både tematikkar i emnet, litteratur og rammer for eksamensoppgåva er oppe til diskusjon, og det er naturleg at innspel frå studentevalueringa spelar ei rolle her.

Vedlegg


Vedlegg 1: Emneevaluering av PEDA121 hausten 2021

Vedlegg 1: Emneevaluering av PEDA121 haust 2021


Er du fornøyd med PEDA121?




I hvilken grad opplever du at emnet har forberedt deg på oppgavene du står ovenfor som lærer?




Hvordan vurderer du det samlede faglige utbyttet du fikk av forelesningene?




Hvordan vurderer du det samlede faglige utbyttet du fikk av seminarene?




Det er en god forbindelse mellom aktivitetene på PEDA121 og litteraturen som er lagt opp.



Hvordan vurderer du relevansen av emnets anbefalte litteratur i forhold til det å skulle forberede seg til et fremtidig yrke som lærer?



Det er en passelig arbeidsmengde på PEDA121.



Hvordan vurderer du egen arbeidsinnsats i emnet?

